

NVE
nve@nve-no

14. september 2010

FRÅSEGN - SKARDSØYA VINDKRAFTANLEGG I AURE KOMMUNE

Naturvernforbundet har kome i skade for å oversjå at denne søknaden var på høyring, men har fått lovnad av Ina Rognerud å kunne kome med fråsegn innan 15.9.2010.

Denne saka handlar om to hovudpunkt:

1. Korleis vi ordnar oss når det er større forbruk enn produksjon av elektrisk kraft i Noreg.
2. Konsekvensane av anlegget.

I sin eigen presentasjon seier søkjar: "For å redusere CO2-utslippene er det viktigere enn noen gang å produsere mer energi fra fornybare kilder."
Naturvernforbundet vil gjerne kommentere dette og ved det gå gjennom første hovudpunkt.

Når det blir brukt meir enn det blir produsert finst det to løysingar. Den eine er å produsere meir, den andre er å bruke mindre. All energiproduksjon har ei miljømessig bakside. Denne kan vere alvorleg eller mindre alvorleg, men like fullt finst det ingen energiproduksjon som kan seiast å vere miljøvennleg.

Vindkraft er ein arealkrevjande energiproduksjon. Slik vi har sett i Noreg til no så blir slike anlegg stort sett plassert i naturområde som i stor grad er lite utbygd frå før. Det er også tale om kystlandskap, dvs. delar av landet med mange inngrep frå før og få urørtareal.

Vindkraft er også ein ustadig og vanskeleg regulerbar energiproduksjon. Det er nødvendig å ha annan energiproduksjon som reserveløysing når det ikkje er nok vind eller er for mykje vind. Det gir ein krevjande situasjon for ein del av vasskraftanlegga våre. Vasskraftanlegg med store magasin og kraftstasjonen liggande i flomålet kan køyrast som slik komplementær kraft utan dei store skadeverknadene. Dei andre vasskraftanlegga bør køyrast meir jamnt for ikkje å

skape problem med omsyn til vekslende vassføring i dei delane av vassdraga som ikkje er utbygde, t.d. fordi biologiske verdiar var for store til at det blei gitt løyve. Sidan Midt-Noreg har ein låg prosent med vassmagasinkraft i utgangspunktet på nasjonalt plan, tyder det at vindkraft i Midt-Noreg fører til etter måten større behov for overføringsliner enn det ein vil ha andre stader viss ein vil produsere vindkraft.

Vindkraft som produksjonsform fører altså til større behov for kraftliner. Når det er stor produksjon må straumen ut av landet, eller kastast, og når det er liten produksjon må ein tilfredsstille det store forbruket med langreist straum. Vindkraft har i sin eigenart eit lag med å føre til større naturinngrep som biverknad, i tillegg til det som går med i sjølve produksjonsanlegget.

Så langt har vindkraft vore dyrt, og det er krav om ganske store tilskot frå ENOVA for i det heile å kunne produsere kraft som let seg selje rekningsvarande.

Den andre tilnæringsmåten er å bruke mindre straum. I følgje Naturvernforbundet sine undersøkingar vil det vere mogleg ved Hydro Sunndal å omgjere ein del av spillvarmen til straum ved kogenerering. Sjølv om utnyttinga av energien ikkje er så høg, er det relativt mykje varme som er utgangspunktet. Det er overvegande sannsynleg at ein kan hente ut kring 600 GWh på denne måten. Noko kan truleg skje rekningsvarande, og resten treng tilskot, truleg på eit nivå lågare enn vindkraft. Dette skjer dessutan nær der den sparte straumen skal brukast. Eller for å seie det beint fram: Energibruken på eit av dei store uttakspunkta kan reduserast med 10%. Då kan ein i prinsippet redusere overføringskapasiten med 10% og reserveløysinga med 10%. Det er dessutan ein påliteleg produksjon. Einaste grunn til at produksjonen skal utebli er at det ikkje finst nokon varme, og då finst det heller ikkje noko forbruk. Det er her tale om ein storleik 6 gonger den produksjonen som kan kome i rykk og napp frå Skardsøya vindkraftanlegg viss dette blir noko av.

Det går an å anta at ei form for spareløysing som her skissert har langt mindre miljømessige skadeverknader enn ei vindkraftutbygging på Skardsøya. NVE har eit samfunnsansvar å finne dei gode løysingane for samfunnet og miljøet.

Når det gjeld det andre hovudpunktet dreier dette seg om følgjande: I ei tid då klimeendringar trugar og alt er i gang vil det vere behov for såkalla biologiske krabbefelt. I dette området har ein eit godt døme på eit slikt område i form av naturtypelokalitet 3 Mellandsfjellet som også har eit samanfall med INON-område. Når ein også har Ramsarområdet rett på utsida blir dette ganske unikt. Det finst berre ein handfull område i Møre og Romsdal på nordsida av Moldefjorden der INON-område går frå fjord til fjell, og ingen som har dei nemnte tilleggskvalitetane. INON-området held fram i søraustleg retning gjennom det planlagde utbyggingsområdet. Dette er etter Naturvernforbundet sitt syn eit av dei viktigaste INON-områda av dei som ikkje tilhøyrer villmarkskategorien i fylket.

Ikkje så langt unna ligg vindkraftanlegga på Smøla. Havørn var og er eit stort tema der. Ein del konkluderer med at havørnbestanden er i god utvikling, så denne utbygginga var ikkje så farleg. Det er ein kortslutning på minst to punkt:

- Vi har ikkje sett langtidsverknadene av dette anlegget. Viss ein del av resten av kysten blir forsynt med rekruttering av havørn frå Smøla og denne rekrutteringa minkar, då har vi ein verknad som kan bli vanskeleg.
- Viss inngrepet på Smøla er innafor det arten tåler kan ein ikkje automatisk rekne med at 20 inngrep til av same sorten heller ikkje har nokon verknad. Sjølv om havørna tåler ein smell på Smøla, vil ikkje bestanden klare ein smell på Skardsøya og tre i Snillfjord og nokre til andre stader.

Det går fram av konsekvensutgreiinga at havørn kan bli betydeleg negativt påverka av ei utbygging på Skardsøya. Dette vil forsterke dei negative verknadene ein har av vindkraftanlegget som alt er bygd på Smøla.

Det går fram av konsekvensutgreiinga at utbyggingsområdet ligg nær eller i ein hubrolokalitet. Hubroen har i årevis hatt nedgang, og ein hovudfaktor i dette er kraftliner på lågare spenningsnivå. Hubroen må ein også rekne med har problem med vindturbinar, både når det gjeld kollisjonsfare og som følgje av aktivitet i området. Hubrobestanden har det no så vanskeleg at eit kvart tiltak som har potensial til å virke negativt på denne arten kan vere utslagsgjevande for om arten overlever. Den einaste måten å kunne omgå denne problemstillinga er om det som avbøtande blir kabla eller isolert ein del tusen kilometer høgspenningsliner (22 og 66-kW). Naturvernforbundet har fått kjennskap til at det i den seinare tida er to hubroar som er drepne på Nordmøre, mest truleg som følgje av kontakt med kraftleidningar.

Vidare går det fram av konsekvensutgreiinga at ein har ein del kunnskapsmangel når det gjeld fugletrekk gjennom området. Sjølv om det truleg ikkje er fugletrekk som gjeld mange artar, er det tale om nokre artar som truleg tåler dårleg ein nedgang i bestanden viss verknaden skulle bli negativ.

Naturvernforbundet har ikkje gått mykje inn på friluftslivet sin bruk av området. Men det er nokre generelle trekk ved slike anlegg som ser ut til å vere aktuelle også i dette høvet.

Undersøkingar om friluftslivet fangar sjeldan opp det uorganiserte friluftslivet særleg godt. Det er enklare å seie noko om arrangement og trafikk til turbøker, men einskildpersonar sin bruk av sitt eige nærområde er krevjande å kartlegge. Vi har grunn til å tru at denne typen bruk av området utgjør ein ikkje uvesentleg del av den samla bruken av området her også. Ofte er dette friluftsliv som er lite krevjande med omsyn til transport (og tilhøyrande klimagassutslepp), og det betyr ganske mykje for dei det gjeld.

Når det blir bygd vegar i eit område vil det ofte kanalisere ein del ferdsel til slike vegar. Dette har som verknad at stier og trakk blir bruka mindre, og ein del av dei vil lett gå ut av bruk. Sjølv om det kan seiest å vere ei naturleg utvikling viss det først blir bygd veg, skal ein vere merksam på at ein del personar ikkje har helse til å bruke opparbeidde vegar i nedoverbakke. Sjølv om det kan vere nokre brukargruppe som får auka tilgang til slike område, er det altså nokre gruppe som misser tilgangen sin. Alminnelege stier som ikkje er planerte blir det generelt færre og færre av, og tendensen kan lett bli forsterka ved slike utbyggingsprosjekt. For nokre muskel- og skjelettlidingar vil slike gamaldagse stier vere å rekne som medisin, og denne medisinen kan ikkje erstattast med piller.

Naturvernforbundet sin konklusjon er grei i dette høvet. Skardsøya er ikkje nokon god lokalisering for eit vindkraftprosjekt. Med same støtte frå samfunnet vil ein kunne få fatt i langt meir kraft med langt mindre miljøskade enn prosjektet som er omsøkt, slik vi peiker på.

Med helsing

Øystein Folden

Leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal